

## SAMARBEIDSAVTALE

mellom

Høgskulen i Volda (heretter omtalt som HVO)

og

Sunnmøre Kulturnæringshage AS (heretter omtalt som SKNH)

Med bakgrunn i at partane ynskjer å fremje kunnskap om innovasjon og entreprenørskap for studentane ved HVO, og bidra til fleire og betre regionale etableringar med utspring frå utdanninga ved HVO, er det gjort slik avtale mellom partane:

1. HVO skal legge til rette for at SKNH skal kunne synleggjere sitt tilbod om gratis rådgiving kring oppstart og drift av eiga verksemd for studentane.
2. SKNH kan være partner saman med HVO på prosjekt og FoU som omhandlar innovasjon og entreprenørskap.
3. HVO og SKNH skal arbeide for at kunnskap om start og drift av eiga verksemd (entreprenørskap i praksis) blir tilgjengeleg i dei faga der dette er relevant.
4. SKNH vil være tilgjengeleg som eksterne foredragshaldarar på alle nivå i undervisninga ved HVO.
5. SKNH skal gjennom sitt nasjonale nettverk, og i sine publiseringskanalar bidra til å synleggjere HVO sin innsats for fremjing av innovasjon og entreprenørskap.
6. HVO skal gjennom sitt nasjonale og internasjonale nettverk, og i sine publiseringskanalar bidra til å synleggjere SKNH og tilbodet til hjelp ved start og drift av eiga verksemd.
7. SKNH skal i samarbeid med HVO arbeide for etablering av Norsk Innovasjonssenter i Volda knytt til HVO.
8. For å sikre eit god forankring i båe organisasjonane skal styret i SKNH minimum ein gang årleg gjennomføre formelt møte med HVO-leiinga. SKNH kallar inn til møte.
9. Avtalen erstattar tidlegare avtale av 13.03.2013.  
Denne nye avtalen kan tilpassast endra omstende gjennom drøftingar i formelle møter.
10. Begge partar kan seie opp avtalen med 12 månaders varsel.

Volda, 17.02.2022




Karen Lomeland Jacobsen  
Direktør  
Høgskulen i Volda

Johann Roppen  
Rektor  
Høgskulen i Volda



Gunnar Solheim  
Styreleiar  
Sunnmøre Kulturnæringshage AS



Martin Foldal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre Kulturnæringshage AS

